KLARSYNT: — Nokre gonger nyttar eg ikkje kort. Då berre kjem det til meg som bilete, fortel Hilde Karin Stamneshagen om å spå. Begge foto: Snorre Bang Utaker

noko som i mange tilfelle er ein så stor del av personlegdomen din, kan bli ein lang prosess.

— Eg måtte gjennom fem kurs, og kartleggja ulike trussystem – også slike som eg ikkje trong. Ofte kan det vera ting frå barndommen ein tar med seg vidare og som ikkje fungerer, eller som verkar øydeleggjande når ein er vaksen. Eitt av trussystema eg har i dag seier at alt er mogeleg, fortel ho.

— Er du klarsynt?

— Eg begynte å trena opp intuisjonen min for rundt ni år sidan. Det er ei form for klarsyntheit. Eg gjekk på kurs i klarsyn hos Jette Harthimmer, som var svært spennande. Eg trur alle kan bli klarsynte, men det må trenast opp.

Hilde Karin driv også og spår. Ho tar fram tarrotkorta sine, stokkar dei, og legg dei nedpå bordet i eit bestemt mønster.

— Eg bruker korta på å "tune" meg inn, men nokre gonger berre kjem det automatisk. Men sjølv om eg driv og spår, så er eg svært nedpå jorda, smiler ho. Hilde Karin er førebudd på at folk kan synast at det ho driv på med er litt spesielt. Men ho gjer akkurat det ho har lyst til. Det er noko ho også lærer klientane sine.

— Eg møter mange som, for eksempel, har valt eit yrke dei ikkje vil ha.

Dei har valt noko som er trygt, men ikkje frå den øvste hylla, meiner ho og fortel at det er mykje meir vanleg å gå til alternativ behandling no enn før.

— Men det er eit tilbod i tillegg til det som allereie finst. Ein skal ikkje ekskludera vanleg medisin. Dette er eit supplement. Skeptikarane er i sin fulle rett til å meina det dei vil. Det har eg ingen problem med. Men du treng ikkje tru på dette for at det skal verka. Og dei som ikkje trur på det, kjem ikkje til meg uansett.